


# FUSA SOKN

## ÅRS- MELDING

# 2024



## A. Innleiing

*"Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, dømte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet".*

«Ordning for Den norske kyrkja» sin § 12

Det er dette det Fusa sokneråd skal ha fokus på i sitt arbeid. Soknerådet handsamar saker og peikar ut satsingsområder og strategiar, og dei tilsette – staben – leier arbeidet og utfører det i lag med alle i kyrkjelyden. Også i 2024 var dette arbeidet breitt og godt.

## B. Gudstenester

Gudstenestene skal vera pulsslaget i kyrkjelyden!

*Lat oss ikkje halda oss borte når forsamlinga vår kjem saman, som nokre har for vane, men lat oss setja mot i kvarandre..... (Hebrearane 10.25)*

2024 var det til saman 83 gudstenester og det var totalt 5711 til stades på gudstenestene, ein auke på 7% frå 2023, trass i at det var 9 færre gudstenester. Gjennomsnittstalet pr gudsteneste var om lag 69 deltakarar og talet på nattverdsgjester var 1532. Det er oppgang frå høvesvis 58 og 1249 året før og me kryp nærare tala me hadde før pandemien.

Ser me på tala for dei siste seks åra er totalt tal deltakarar på gudstenester 21% lågare i 2024 enn i 2019, men mest markant nedgang er det i Strandvik og Sævareid med høvesvis 53% og 35% nedgang.



*Frifuftsgudsteneste ved Hafskorsvatnet*

Ein del lekmannsgudstenester vart haldne av kyrkjelydspedagogen dei skulerte frivillige medarbeidarane, både gudstenesteleiing og forkynning. Tendensen som syner at gudstenestene på Eikelandsosen bedehus er dei best besøkte gudstenestene ser ut til å halda fram i 2024.



*Familiemix på Eikelandsosen bedehus.*

## C. Trusopplæring

Trusopplæring har vore eit satsingsområde gjennom mange år og det nasjonalt sette fokusområdet er 0-18 år.

Tradisjonelt har me delt mellom kontinuerlege tiltak som er t.d. søndagsskule, kor m.m og breiddetiltak i trusopplæringa. No blir det mindre og mindre skilje på desse kategoriane og alt blir rapportert som trusopplæring. Det har historisk vore god oppslutning om trusopplæringsarbeidet i Fusa, men oppslutninga har dalt jamt og me kjem nærmare landsgjennomsnittet. Det er ei stor oppgåve å skape medvit hos foreldra om at dåp og opplæring høyrer uløyselig saman, slik

at deltaking i trusopplæringa kan verta normalisert for alle døypte.

I 2024 har me stort sett hatt full bemanning på trusopplæringsstillingane. Dette har gjort at fleire tiltak har vorte gjennomførte og at fokuset på desse har vore godt, med bra oppslutning. Samstundes er årskulla i Fusa-bygdene små no. Ein har difor slått saman fleire breiddetiltak og fleire årsklassar i tiltaka for å få samla litt større mengde barn på tiltaka.

Alle døypte barn i Fusa får i dåpssamtalen ein lokalt tilpassa **dåpsperm og CD** med lokale song- og musikk-krefter.

**Musikk frå livets begynnelse/Babysang** (0-2 år) vart gjennomført både på våren og om hausten. Lavt fødselstal i Fusa-bygdene gjer at tal aktuelle barn er færre enn tidlegare, men oppslutninga er høveleg god.

**3 år** – 3-års adventssamling på E.osen bedehus med godt oppmøte.

**4 år** – Utdeling av Bibelbok i tilpassa gudstenester rundt om i bygdene.

**5 og 6 år** – Dåpsskule med to samlingar på 3 forskjellige lokasjonar/gardar i bygdene. Avslutningssamling på Familiemix.

**8 og 9 år** – Tårnagentdag i Hålandsdal kyrkje.

**10,11 og 12 år** – Tweenssamling på Eikelandssosen bedehus i adventstida.

**Konfirmantåret** – eit omfattande tilbod til alle 14-åringane. 22 ungdommar (lite kull) vart konfirmerte i mai 2024, og 36 starta på nytt konfirmantår til hausten.

Alle som har **eit års dåpsdag** får tilsendt «God-natt»-plakat og **to års dåpsdag** spisebrikke.

*Av kontinuerlige tilbod i 2024 kan nemnast:*  
**KLUBBEN** for tweens 5.-8.klasse har blitt ein god samlingsplass med bra oppmøte og jamt trøkk. Ein ser her at dette tiltaket også treff ungdommar i trinna over det tiltenkte aldersspennet. Eit viktig tiltak som har blitt jobba godt med av tilsette og frivillige.



*Dåpsskule i Djuvik*

**Fjordn`n barnekor** hadde god oppslutnad i vårsemseteret, opp mot 30 barn, og fyller stadig bedehuset med song og liv.

Hautsemesteret kom litt seint i gang og tal deltakarar var lågare, men tok seg opp att mot årsskiftet. God driv inn i 2025.

**Fusa Soul Children** hadde prosjekt både våren og hausten 2024, med konsert og gudsteneste. Om lag 11 barn var med i 2024.

**Songbuketten**, ein blanding mellom barnekor og barnelag, har hatt jamt godt oppmøte og er eit viktig tilbod for barn i søre Fusa og for lokalmiljøet i sør. Songbuketten hadde ikkje samlingar haustsemesteret 2024.

**NOAH**, friluftsklubben for gitar 5.-8. klasse, har i mange år hatt flinke og dedikerte leiarar og bra oppmøte av deltakarar. Eit strålende tiltak som har betydd mykje for ein heil del gitar i mange år. I 2024 har framgangen frå 2023 halde fram og tal deltakarar har auka jamt. Ein flott gjeng ungar/ungdomar og flinke vaksne møtest jamnleg til mange spanande aktivitetar.



*Utdeling av bibelbok til 4-åringar i Hålandsdalen*

## D. Diakoni

Diakoni er kyrkja si omsorg for medmenneske. Fordi Gud har elska oss først.

Diakoni-arbeidet spenner over heile arbeidsfeltet til soknet, inn i alt me gjer. Fusa frivilligsentral, som soknet eig, vart starta opp som ein del av soknet si diakonale teneste.

**Matgåve-Matglede:** Samarbeid mellom kyrkja, frivilligsentralen, Nav, Fjord'n Senter/lokalt næringsliv:

Meir enn 60 matposar med julemat vart delte ut til personar og familiar som hadde meldt behov. Behovet var rekordstort i 2024, og utan store pengegåver frå næringslivet hadde me ikkje klart aksjonen. Me ser at behovet aukar meir enn gåvene/tilgangen på pengar.



Frå «julegåvetreet» på Fjord'n Nærsenter, ein del av matgåve-aksjonen.

I samband med minnegudsteneste delte **Diakoniutvalet** i kyrkjelyden ut lys og helsing til pårørande etter dødsfall siste året.

Diakoniutvalet og tilsette har i lag med Frivilligsentralen eit tilbod om **Sorggruppe**. Dette starta opp i 2023.

Gjennom gravferd og elles ved dødsfall vert det utført diakoni, men det meste av diakonien er uorganisert gjennom einskildmenneske som stiller opp for andre. Dette skjer gjennom at arbeidet i soknet, men særskilt gjennom

frivilligsentralen sitt arbeid og gjennom barne- og ungdomsarbeidet.

Frivilligsentralen har eiga årsmelding som syner deira store breiddeengasjement. Ein vil her også nemne Bruktbuo, som no er ein eigen organisasjon utanom soknet, og arbeidet som spring ut derifrå – viktig nettverksbygging. Overskottet derifrå kjem både brannskadde born i Etiopia og det kristne barne- og ungdomsarbeidet lokalt til gode.

**Besøksteneste** - I samarbeid med frivilligsentralen har ein tilbod om besøksteneste. Lokalt er truleg einsemd hjå gamle og sjuke den største diakonale utfordringa me har.

**Naudhjelp** – Det mest kjende er den årlege fasteaksjonen til **Kirkens Nødhjelp**, som i 2024 gav vel 35 000,- kr.

**Institusjonstenester** - Det vart gjennomført 48 institusjonsandaktar og mange besøk til enkeltpersonar på institusjonane.

**Vigsel.** Det var 12 vigslar i 2024.

**Dåp.** 27 barn vart døypt i Fusa sokn i 2024

**Gravferd.** Det var 43 kyrkjelege gravferder i 2024.

## E. Misjon

Frå sommaren 2016 har Fusa sokneråd også engasjert seg i arbeidet for å hjelpe brannskadde born i Etiopia – gjennom **Children Burn & Wound Care Foundation** (CBWCF) og dr Einar Eriksen sitt arbeid. I 2024 hadde storaksjon: **Walk and Run!** Eit vellukka engasjement som samla og engasjerte mange hundre menneske i tillegg til næringsliv og organisasjonar.

Aksjonen fekk inn om lag 400 000,- kr. Det er stort engasjement for dette føremålet, m.a. blant gjengen i Bruktbuo. Til saman har Fusa sokn og Bruktbuo bidrege med meir enn 500 000,- til CBWCF i 2024.



Fellesstarten går på Walk & Run

Frå 2012 har me hatt eitt, samla misjonsprosjekt i Fusa – elevstipend til studentar ved **Tabor utdanningscenter** i Hawassa i Etiopia. Dette gir ungdom som elles ikkje ville hatt høve til det – eit Bibelskule- og utdanningstilbod. Frå 2016 har Fusa kyrkjelyd dessutan finansierte skulepengane til to studentar ved Tabor Utdanningscenter. Det vart samla inn om lag kr.36.198,- til elevar og studentar i 2024. (kr. 35290,- i 2023, kr. 30949,- i 2022, kr. 26399,- i 2021, kr.15.094,- i 2020 og kr.28.500,- i 2019).

## F. Anna kyrkjelydsarbeid

**Forbønsteneste** – Fusa sokn har eigen bønkontakt som enkeltmenneske kan ta direkte kontakt med for forbøn.

Bønkontakten har eit bønenettverk som blir involvert når enkeltmenneske ønskjer det. Sjølv sagt kan ein også ta kontakt med prest eller andre i kyrkjelyden som ein har tillit til – om det er ønskje om forbøn.

Forbønstenesta er aktiv.

Det er **faste bønnesamlingar** annankvar onsdag frå kl 17.30 til 18.00 på forskjellige stader i kommunen; Foer bedehus,

Nordtveit bedehus, Eikelandssosen bedehus og i Hålandsdalen kyrkje. Viktige samlingar der ein regelmessig ber for og velsignar det som skjer i dei forskjellige bygdene.

Nokre onsdagar i semesteret arrangerer soknet **Bibel, Bøn og Lovsong**. Dette har lang tradisjon hos oss, og med andakt, lovsong og bønnevandring i litt meir uformell setting enn gudstenestene er, er dette gode samlingar med god deltaking.

**Bibel- og samtalegrupper** – der er nokre bøn- og samtalegrupper i sving i kyrkjelyden. Desse er ikkje organiserte av sokneprest/stab.

## Kvinnenes Internasjonale bønnedag -

Kvinnenes Internasjonale bønnedag er første fredag i mars kvart år. Dette har vore markert i Fusa i mange år. I 2024 som i 2023 hadde ein samling på Foer bedehus. Dette er eit økumenisk tiltak.

**Open kyrkje** vert skipa til av Strandvik kyrkjeutval og tilsette nesten kvar månad i Strandvik kyrkje. Den timen kyrkja er open kan ein kome og gå slik det passar, sitje ned og høyre musikk og song frå lokale aktørar, tenne lys o.l.

## Felleskyrkjeleg arbeid

Soknet har godt samarbeid med kristne lokale lag og organisasjonar; m.a. bedehus, barne/ungdomsklubbar og kor. Ein samarbeider litt med andre nærliggjande sokn der det er naturleg, t.d. med Samnanger.

**Kyrkjemusikk 2024** Ved ein del gudstenester hadde kantor ansvar for

innslag av lokale kor eller solistar.

**Kyrkjekoret** var med på nokre av dei.

Koret «**Sine Nomine**», også leia av kantor, deltek òg på gudstenester m.m.

Elles vart det m.a. arrangert 2 julekonsertar i kyrkjene våre (Strandvik og Hålandsdal kyrkjer), 4 jazz/vise-konsertar i Hålandsdal kyrkje (Louisiana Washboard 5, Magnolia Jazzband, Henning Sommerro, Sandven Jazzensemble), Os Mannskor i Strandvik kyrkje. Soknet arrangerte òg julekonsert på Eikelandsosen bedehus med Star of Hope.



Konsert i Strandvik kyrkje med «Os Mannskor» og «Sine Nomine».

## Informasjon

Fusa kyrkjeblad vart gitt ut 4 gongar i 2024. Dessutan er ein bevisst bruken av lokalmedia med annonsering og informasjon. Kyrkjelyden er aktiv på Facebook, - søk opp Fusa sokn. Ein har også bygd opp ein base der ein sender ut SMS 1-2 gongar pr veke. Der er om lag 170 mottakarar av slik SMS. Fusa sokn har og ei nettside på Den norske kyrkja sin plattform. Søk på: [www.kyrkja.no/fusa](http://www.kyrkja.no/fusa).

## G. Samarbeid skule, barnehage og kyrkje

Soknet har pr. no ikkje eigen samarbeidsplan med kommunen for dette

området. Dette arbeidet har stoppa opp p.g.a. prioriteringar hos kommunen. I Fusa sokn tilbyr me likevel tiltak til skular og barnehagar, alt etter sesong og vår kapasitet, slik me har lang tradisjon for. Kyrkjelydspedagogen hadde våren 2024 påskeopplegg med besøk i alle seks barnehagane og juleopplegg i alle barnehagene i adventstida. I tillegg har kyrkjelydspedagogen opplegget Bibelsporet i seks skular vinteren 2024/2025. Dette inneber 4 timar undervisning der innhaldet i heile Bibelen blir gjennomgått.

Alle skulane i Fusa sokn hadde skulegudstenester i kyrkjene i adventstida 2024.

## H. Medarbeidarskap

Tal uløna medarbeidarar ligg på omlag 120 personar, litt synkande tal. Desse saman med dugnadsfolk reknar ein med *utfører to til tre årsverk* kvart år. Men me ser at det er større og større utfordring å få frivillige medarbeidarar som kan gå inn å ta leiaransvar, og å binde seg over tid! Medarbeidarskap har over tid vore eit av satsingsområda til soknerådet. Det er registrert om lag 40 frivillige medarbeidarar som på rundgang tok del i førebuing og gjennomføring av gudstenester i soknet. Nokre frivillige deltek i trusopplæringsarbeidet og i barne- og ungdomsarbeidet generelt, tillegg kjem frivillige som tek del i det diakonale arbeidet, familiemix, komité- og utvalsarbeid, og anna arbeid som t.d. kakebaking og kyrkjeskys.

Soknerådet vedtok i 2022 ny «Plan for medarbeidarskap» med fokus på dei uløna medarbeidarane. Planen gjeld for perioden 2022-2025. I 2024 vart desse

særskilde tiltaka for og saman med frivillige medarbeidarar gjennomført:

- Utdeling av Bibelleseplan
- Inspirasjonssamling med «Han innante» september 2024

### Kyrkjelydsweekend

Etter 15 år var kyrkjelydsweekend endeleg på programmet igjen i 2024. Leiren samla om lag 55 deltakar i alle aldrar og vart halden i Sætervika. Ein slik weekend er viktig for fellesskapet i kyrkjelyden og det er ynskjeleg at dette står jamnleg på planen i åra som kjem.



*Full konsentrasjon med pepperkakepynting på kyrkjelydsweekend*

### Utval

Nytt sokneråd vart valt hausten 2023 og er valt for 4 år. Rådet har oppnemnd 5 kyrkjeutval og sit sjølv i 4 ressursgrupper. Alt utvalsarbeid er frivillige tenester.

### I. Soknerådet sin økonomi

Årsmeldinga viser til budsjett og rekneskapsrapport for 2024. Fusa sokneråd har etter tilhøva tilfredsstillande økonomi, p.g.a. at ein har litt reservar på bok. Men desse små reservane forsvinn fort viss ein må tæra på dei fleire år på rad. Difor er det viktig for soknet å halda

oppe fokuset på gjevarteneste og at det er kyrkjelyden i lag som held aktivitetsnivået på eit høgt nivå gjennom gåver og engasjement.

Fusingane har tradisjon for å bidra godt; også i 2024:

- Elevstipend Tabor inkl. to konkrete studentar: kr. 36.198,-
- Brannskadde born i Sør-Etiopia: ca kr. 500.000,- (inkl. overskott frå Bruktbuo)
- Diakoni i Fusa inkl. matgåve: kr. 160.000,-
- Kirkens Nødhjelp: kr. 35.000,-
- Eksterne offer: kr. 122.000,-
- Offer til kyrkjelydsarbeidet: kr. 44.000,-
- Offer til barne- og u.arbeidet: kr. 54.000,-
- Gåver til barne- og u.arbeidet: kr. 246.000,- inkl. overskot frå Bruktbuo
- Kyrkjeblad: kr. 54.000,-

### J. Organisering og endringar

Administrativt og personalmessig har det vore nokre endringar i 2024: Norunn Rød Markhus hadde redusert stilling til 40% i første halvår og 20% i andre halvår. Dagleg leiar i Fusa frivilligsentral Victora Tverli Dale, avslutta si teneste etter sju år 1. april. Ny dagleg leiar for frivilligsentralen, Linda Cecilie Reigstad Matland, vart tilsett deltid frå 1.april og fullt frå 1. juni. Dagleg leiar i Fusa sokn hadde i tillegg rolla som fungerande kyrkjevevjerje for Bjørnafjorden fram til 1.mars.

### Sokneprest-byte

Det er ikkje fellesrådet som er arbeidsgjevar for soknepresten i Fusa, men soknepresten er ein sær viktig del av Fusa sokn, staben og arbeidet her.

1. september gjekk sokneprest i Fusa dei siste 9 åra, Einar Ekerhovd, av med pensjon. **Soknerådet vil gje stor takk til Einar** for desse åra og alt han har betydd

for kyrkjelyden. Me har hatt ein stødig og Jesus-sentrert sokneprest i Einar! Samstundes som Einar avslutta si sokneprest-teneste, starta vår nye sokneprest opp si; **Velkommen Anette-Emilie Gangstøl!**

### Fusa sokneråd

*Nytt sokneråd i perioden 2024-2027 er:*

Sigbjørn Sundfjord (leiar), Britt Mari Gjerde (nestleiar), Toril Hjartåker Hauge, Lars Erik Dalland, Inger-Lise Prestegard, Øyvind Nordbø, Jan Ole Høiby Hansen, Hartvig Haugen. Varamedlemmer: Audny Elise Samnøy Stuen, Linda Frøyseth, Atle Næss, Samson L. Øpstad, Engel Magne Berge.

Fusa sokneråd sine representantar i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd er Lars Erik Dalland og Øyvind Nordbø. Lars Erik er vald til leiar i fellesrådet.

### K. Fusa sokn framover

Gud til ære – fusingar til gagn!

Det er det me er kalla til som kyrkjelyd. Strukturar, bygg og organisering er berre reiskapar i Guds rike. Gjennom åra vert reiskapar utslitne, utdaterte, fornya, utvikla og utskifta. Alt etter kva som er tenleg til føremålet.

Me ynskjer å styrka alle deler av arbeidet vårt, men føresetnader rundt oss er i endring og det er naudsynt for soknet å ta nokre viktige prioriteringar i tida som kjem. I dette må me be om at vårt arbeid og det me legg til rette for i Fusa byggjer Guds rike og at Gud sjølv går framom og leier oss.

Guds ord til oss er det same uansett og kallet vårt er å følgja han og gå ut med evangeliet.

### Me bed om

- *Vekst i kyrkjelyden vår*
- *Gode, trygge fellesskap i kyrkjelyden vår*
- *Eit disippelgjerdande barne- og ungdomsarbeid i kyrkjelyden vår*
- *Eit sterkt misjonalt fokus i kyrkjelyden vår*
- *Diakonal tanke og handlekraft i kyrkjelyden vår*
- *Ei evangelisk og styrkjande forkynning i kyrkjelyden vår*
- *Å få vera ein kyrkjelyd for alle.*



Eikelandsosen 23.01.2025

Hans Einar Markhus  
Dagleg leiar Fusa sokn

Sigbjørn Sundfjord  
Leiar Fusa sokneråd